

**Det preker. Lov og evangelium i forkynninga**

Roald Kvam © 2008

"Lovens preken er alt det som preker om våre synder og Guds vrede, på hvilken måte det enn skjer. Derimot er evangeliet en preken som intet annet viser og gir enn nåde og tilgivelse i Kristus."

Martin Luther

**A. Kva er lov og kva er evangelium?**

**1. Lova.**

"Alt det som talar om våre synder og om Guds vrede, er lovens preken – hvor og hvordan det enn skjer." (Konkordieformelen)

Vekking til syndserkjenning: "Eg er ein syndar!"

Lova gjev oss eit møte med oss sjølv. Evangeliet med Kristus.

Lova stiller oss overfor vårt eigen vondskap i møte med Guds evige godleik.

Lova gjer at synda ikkje berre er "feilsteg", men faktisk står som *skuld* for oss innfor den levande Gud.

Angeren.

Tapt av sjølvbilete eller hjelp til å vinna sann sjølvverkjenning?

Målet er ikkje å gjere menneske til drittsekk. Målet er å tale rett om Guds vrede over synda og om menneskets fortapte stilling i si synd.

**2. Evangeliet.**

"På den annen side er evangeliet en sådan forkynnelse som ikke viser og gir noe annet enn nåden og forlatelsen i Kristus." (Konkordieformelen)

Vekking til liv i Kristus: "Eg er ein tilgjeven syndar!"

Evangeliet erstatter det falske sjølvbiletet som lova avslører, ved å gjenreise det tapte Gudsbiletet (Kol 3, 9f).

Lov og evangelium er to måtar Gud arbeidar med sitt ord på – og difor to måtar mennesket møter og opplever Gud og Guds Ord på.

Heile den bibelske *frelseslæra* er i den lutherske kristendomsforståinga sett i lys av lov og evangelium.

Ved dette begrepsparet lærer vi Guds *handling* med menneska å kjenna – både med tanke på frelse og fortaping. Ordparet – lov og evangelium – avdekker Guds eige vesen.

Skilje mellom lov og evangelium går ikkje mellom GT og NT. Gud møter oss i lov og evangelium både i GT og i NT. Og Guds Ande kan bruka det same ordet på begge måtane.

## **B. Lova sine tre bruk.**

Guds vilje er éin og den same – alltid. Difor er også lova ei og den same – i alle situasjonar. Men Gud brukar si lov på ulike måtar alt etter den gjerninga han vil utføra med henne. I luthersk samanheng er det vanleg å tala om tre Guds bruk av lova:

### **1. Den politiske bruken (verdsleg-statleg).**

Gud bruker lova på skapinga sitt plan for å halda orden i samfunnslivet og for å gjera forholda på denne jorda best råd er.

Skaparordningane er særleg aktuelle i denne samanhengen.

### **2. Den pedagogiske bruken (åndeleg-tuktande).**

Gud bruker lova som "tuktmeister" (Gal 3, 24-25) i frelsesspørsmålet. Ikkje på den måten at vi skal verta frelst ved lova, men for at vi skal erkjenne at vi må frelsast ved evangeliet.

Lova sitt "hovudembete".

"Lova lærer oss det vi skal gjera, og at vi er skuldige til evig dom og død om vi ikkje gjer det. Samstundes lærer ho oss at vi ikkje maktar gjera det Gud krev. Med det vert det skapt ei erkjenning i oss om at skal vi verta frelste, må vi verta det på ein annan måte enn ved lova og gjerningane. Med det har lova opna ein veg i vårt hjarta for evangeliet." (Johannes Kleppa, Profilerien).

Ved lova gjer Gud slik den negative og dødande gjerninga i oss, som må gjerast for at evangeliet skal få koma til med si positive og levandegjerande gjerning. I denne samanhengen er lova kalla "Guds framande gjerning", medan evangeliet er "Guds eigentlege gjerning".

Skal vi erkjenne rett vår trong for evangeliet, må først lova få gjera si gjerning med oss. Slik vert lova vår "tuktmeister" til Kristus – dvs med sikte på at vi skal koma til Kristus og hans frelse.

### **3. Den lærande bruken (åndeleg-veggleiande).**

Gud bruker lova (både 2. og 3. bruk) for å verkeleggjera si frelse i fullt mål.

Gud vender seg no til den kristne – den atterfødde – og talar om Guds vilje med ein kristen sitt liv og den kristne livsførselen. Det vert diskutert om den delen av Guds ord som vi kallar formaningar, kjem inn i denne samanhengen.

Samtidig rettferdig og syndar.

Som atterfødt menneske vil ein kristen Guds vilje (Rom 12, 2). Men pga at han framleis ber på det gamle mennesket, treng han lova som rettleiing ( - men er ikkje dette lova i sin 2. dre bruk; tala til det gamle mennesket?).

Det nye mennesket og lova vil alltid det same! Med det har den kristne ein instans utanfor seg sjølv som han kan prøva sin vilje, sine meiningar og tankar på, for å sjå om det er det gamle eller det nye mennesket som er i funksjon.

## **C. Lova og formaningane.**

Lova krev og viser veg, men ho gjev ikkje og ber ikkje. Den skapande krafta ligg i

evangeliet.

Lova – og formaningane – er samanlikna med vegvisarar og varselskilt. Desse er nyttige, men dei fører ikkje fram. Dei er ikkje framkomstmiddel.

Formaningane i NT står saman med evangeliet i ein struktur av indikativ og imperativ relatert til atterfødinga gjennom Ordet og dåpenssakramentet.

- a) Formaningen i NT er grunna i eit kristent menneskesyn, med basis i Kristi verk.
- b) Formaningens plass i teksten finner vi i ein kontekst av dåp relatert til evangeliet som kraft til frelse.
- c) Formaningens funksjon er å tilskunda til eit liv i dåpen – dvs i forsakelse og tru.
- d) Formaningens mål er eit tydeleg kristenfolk som gjer framsteg i helginga, med evangeliet som kraft til liv.

#### **D. Lova sitt hovudembete.**

Lova sitt "hovudembete" (Luther) er lova sin 2. dre bruk. Denne er særleg aktuell i forkynninga til omvendning og rettferdiggjering, men også i helginga.

Det er nokre som meiner at vi ikkje skal forkynna lova, men berre nåden. Slik skal ein på kjærleg vis lokka og dra syndaren til Kristus. Det er ikkje lova, men berre evangeliet som verka omvendning, seiast det. Men dette stemmer ikkje med Guds Ord, for det er som Konkordieformelen seier:

"For både Johannes, Kristus og apostlene har i forkynnelsen begynt med å tale bot (omvendelse), og altså ikke bare forklart og drevet på med nåderike løfter om syndenes forlatelse, men har også drevet på med å utlegge Guds lov."

Hoppar ein over lovforkynninga i omvendingsforkynninga, vert både forkynninga og omvendinga grunn. Men vi må ikkje leggja hovudtyngda i lovforkynninga. All oppmoding til omvendning, all appell og bøn om at "du må" overgi deg til Gud – ja, all tale om at "du må..." – er lovforkynning. Ei slik vekting av lovforkynninga, bør vi møta med den forståinga av dette spørsmålet som Konkordieformelen har:

"Men slik syndserkjennelse (skapt ved loven) er ikke tilstrekkelig til den frelsende omvendelse. For troen på Kristus må føye seg til den. Til rett og frelsende bot er det ikke tilstrekkelig bare å forkynne loven, men evangeliet må komme (føyas) til." (Konkordieformelen).

Lova har ikkje noke mål i seg sjølv, men i noke anna, d.e. i evangeliet.

Lova er døden og domens middel. Lova ber død og dom i seg. Lova formidlar død og dom – så sant det ikkje kjem noko nytt til, d.e. evangeliet.

Lova ber ikkje i seg og formidlar ikkje nåde. Lova er ikkje eit nådemiddel. Det er evangeliet som er Ordets nådemiddel og som ber i seg og formidlar Guds nåde.

Lova krev gjerningar, men skaper ikkje tru. Evangeliet krev ikkje gjerningar, men skapar tru. Lova talar om synd. Evangeliet formidlar syndstilgjeving.

#### **E. Sentrale kjenneteikn ved evangelisk forkynning.**

- a) Skildring av Jesu kamp og siger.

b) Guds kostnad (Joh 3, 16).

c) "For deg".

d) Evangelisk "tone-art": 1 Joh 4, 10; 2 Kor 5, 21.

